

Levande lokalsamfunn for framtida

Motmelding til stortingsmelding nr. 5 (2019–2020)

Vestland SV januar 2020

Distriktpolitisk utval i Vestland SV vil med dette leggje fram ei motmelding til regjeringa si stortingsmelding nr. 5 (2019–2020), ”Levende lokalsamfunn for fremtida”, med undertittel ”Distriktsmelding”. Stortingsmeldinga vart lagt fram i oktober 2019, utan å vekkje særleg stor merksemd. Dette kan ha med at forventningane til regjeringa sin distriktpolitikk er låge, men det skuldast nok også innhaldet i meldinga, som er blitt skildra som ”bare (...) en beskrivelse av situasjonen”, og utan konkrete tiltak.¹ Vestland SV ønskjer med dette å gå inn og drøfte konkrete detaljar i meldinga, og vil med dette peike på SV sin ståstad i distriktpolitikken i høve til den sitjande regjeringa. Vi vil sende dette som innspel til SV på Stortinget i høve handsaminga av stortingsmeldinga, som skal ta til i januar 2020.

Overordna målsetjingar

Innleiingsvis heiter det i meldinga at ”regjeringa ønsker levande lokalsamfunn og vekst i heile landet” og ”det skal være mulig å leve gode liv, uansett hvor i Norge man bor” (s. 7). Vestland SV vil peike på at vi er heilt samde med regjeringa i desse overordna målsetjingane. Derimot er vi svært ueinige i vegen til desse måla. Vi trur ikkje at det beste for distrikta er utvikling gjennom sentralisering av tenester, nyliberalistisk politikk, skattelette, marknadstenking og New Public Management. Derimot meiner vi at distriktpolitikken må byggjast på folkeleg engasjement og folkestyre, ein skattepolitikk som tener småsamfunna, tenester nær innbyggjarane og ein overordna politikk for klima og miljø.

Oppgåver til fylkeskommunane

I meldinga heiter det at ”målet om fylkeskommunane som sterkere regionale samfunnsutviklere følges opp ved at regjeringa vurderer om ytterligere oppgaver kan overføres fra statsforvaltningen til fylkeskommunane”. Formuleringane er fine, men praksis syner at regjeringa i liten grad har gjeve fylkeskommunane fleire oppgåver. Regjeringa har derimot lagt opp til meir detaljstyring av enkelte politikkområde som fylkeskommunen tidlegare har rådd over, til dømes val av inntaksmodell til vidaregåande skular.²

Vestland SV meiner at fylkeskommunane må få styring over fleire viktige samfunnsoppgåver, til dømes sjukehusa. Helseføretaksmodellen er udemokratisk og spesialisthelsetenesta må tilbake under politisk kontroll. Fylkeskommunane må dessutan sikrast rommelege rammeoverføringar, slik at ein kan byggje ut gode desentraliserte tenester som fylkeskommunen allereie har ansvaret for, som kollektivtrafikk, fylkesvegar og vidaregåande skular.

¹ Ordfører i Dyrøy kommune, Marit Alvig Espenes, til NRK, <https://www.nrk.no/troms/maeland-presenterte-distriktsmelding-uten-konkrete-lofter-1.14747915>

² https://www.utdanningsnytt.no/fritt-skolevalg-krf-videregaende/kristelig-folkeparti-sikrer-flertall-for-fritt-skolevalg/222291?fbclid=IwAR0x6-Q6S2BP9s0I0Rv84jnyTk0okWEz5SiXJsGI15I6-_IbQYsuwmCIFLM

Høgare utdanning

I meldinga heiter det ”at Stortinget vedtok å opprette Universitetet i Tromsø 28. mars 1968 var kanskje det kraftigste distriktpolitiske grepet noensinne” (s. 22). Men diverre ser det ut til at regjeringa ikkje gjer noko aktivt for å behalde den desentraliserte strukturen vi har innanfor universitets- og høgskulesektoren. Det fremste eksemplet på dette er Nord Universitet si nedlegging av Sandnessjøen og Nesna som studiestader. Her let regjeringa vere å gripe inn i universitetsstyret si avgjerd, trass i sterk folkeleg motstand.

Vestland SV meiner at overordna regionalpolitikk må leggjast inn som ei sterkare føring når det gjeld høgskule- og universitetsstrukturen. I Sogn og Fjordane har til dømes lærarutdanninga i Sogndal og sjukepleiarutdanninga i Førde vore svært viktige for rekruttering til skular og helsetenester i regionen, og slike institusjonar må ikkje setjast i spel. Sektoren må leggjast inn under sterkare politisk kontroll for å sikre gode utdanningstilbod i distrikta også for framtida.

Utbygging av breiband

I stortingsmeldinga heiter det at tilskota til utbygging av breiband har auka dei siste åra (s. 42 og 115). Samtidig kjem mykje av den auka dekninga dei siste åra som følgje av 4G-nettet. Vestland SV vil påpeike at det i perioden skjedde ei stor endring i tildelingskriteria, då det i 2016 blei lagt til grunn at område med 4G-dekning ikkje fekk tilskot. Vi meiner at internett-tilknytning basert på 4G-nettet ikkje kan samanliknast med fiber, verken i kvalitet eller pris. Vi ønskjer difor å endre kriteria for tilskot til breibandutbygging, og dessutan vil vi gje tilskot til utbygging av 5G-nettet i distrikta. Samtidig vil vi støtte regjeringa sitt framlegg om leveringsplikt (s. 116).

Havbruksfondet og kraftskatteutvalet

I meldinga er havbruksfondet nemnt (s. 43). Det heiter at det i løpet av 2018 og 2019 er løyvd nesten 3 mrd. kroner til kommunar og fylkeskommunar langs kysten. Vestland SV meiner at det er heilt på sin plass at havbruksnæringa yter noko tilbake til lokalsamfunna der ein gjer seg nytte av naturressursane. Men utbetalingane frå Havbruksfondet viser seg å vere svært ustabile og uføreseielege. Vestland SV meiner difor det vil vere meir tenleg med ei produksjonsavgift, slik både fleirtalet og mindretalet i Havbruksskatteutvalet har teke til orde for. Ei slik avgift vil vere nokså stabil og mulig å rekne inn i framtidige budsjett for kommunar og fylkeskommunar. Produksjonsavgifta må gå mest mogleg direkte frå produsenten til kommunen der produksjonen skjer, slik at kommunen får inntekter som avspeglar bruken av naturressursar og den lokale produksjonen.

Meldinga omtalar også ekspertutvalet som skal vurdere skattlegginga av kraftverk i sin heilskap (s. 79). Dette utvalet leverte si innstilling i september 2019, og går inn for å avvikle ordningane som gjev kommunar direkte skatteinntekter frå vasskraft.¹ Vestland SV meiner dette er svært distriktsfiendtleg politikk. Vi ønskjer at ordningane med konsesjonskraft, konsesjonsavgift og eigedomsskatt for vasskraftverk blir vidareført som i dag. Vi viser elles til

¹ <https://www.aftenposten.no/okonomi/i/1nwgjmJ/kraftkommuner-kan-miste-3-milliarder-i-direkteinntekter>

SV sitt landsstyrevedtak 23. november 2019, ”Mer kraft til lokalsamfunn”,¹ som vi stiller oss heilt og fullt bak.

Landbrukspolitikken

I meldinga er landbrukssektoren omtala fleire stader, men hovudsakleg på s. 81–84. Her blir det opplyst om at reduksjonen i jordbruksareal i drift frå 1999 til 2018 først og fremst har skjedd på Vestlandet, i Agder-fylka og i Nord-Noreg. Vestland SV meiner det er svært urovekkjande at landbruksnæringa i desse landsdelane så raskt blir svekka, og vil peike på at det er viktig å setje inn tiltak for å bremse denne utviklinga. Regjeringa hevdar at ein har prioritert små og mellomstore bruk sterkare i jordbruksoppgjera dei siste åra, men vi vil derimot peike på dei sterke prioriteringane av store bønder, med blant anna større mjølkekvotar, som skjedde i Sylvi Listhaug si tid som landbruksminister.²

I meldinga blir det peika på midlar til arktisk landbruk og fjellandbruk, forutan prosjekt som ”Arktisk kje” og ”Utvalgte kulturlandskap i jordbruket”. Vestland SV meiner at dette er gode tiltak, men at satsinga frå statleg hald er for svak. Vi treng fleire og meir omfattande tiltak av denne typen for å oppretthalde eit variert og klimavenleg landbruk i landsdelar med vanskeleg topografi og harde klimatiske forhold. Ein bør mellom anna prioritere sterkare å få på plass tiltak for å utnytte utmarksbeita betre, slik at vi kan få ned bruken av importert fôr. Det må også i større grad leggjast til rette for småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær. På denne måten kan ein bidra til å få ned kjøttforbruket og møta den aukande etterspurnaden etter kortreiste og miljøvenlege matvarer.

Vi vil elles peike på regjeringa sin politikk med å godkjenne frådeling av tuna på små bruk, og sal av jorda som tilleggsjord til gardane ikring, for slik å få større einingar. Ved slike ”gardsslakt” endar ofte dei gamle tuna opp med å bli feriehus. Om derimot eigedommane vert selde med jord, blir dei meir attraktive og lettare å kjøpe for unge etablerarar, ofte småbarnsfamiliar. Dette, kombinert med å halde fast på konsesjonsgrensa for å sikre prisregulering ved sal av småbruk, meiner vi vil vere eit viktig tiltak for å styrke busetjinga i distrikta.

Differensiert arbeidsgjevaravgift

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vert i meldinga peika på som eit av dei viktigaste distriktspolitiske verkemidla (s. 60). Regjeringa ønskjer å vidareføre denne ordninga, men kan ikkje love noko lenger enn ut 2020. ”Dersom Europa-kommisjonen vedtar å forlenge dagens regionalstøtteregelverk, vil regjeringa vurdere å vidareføre dagens ordning i denne toårsperioden. Nytt virkeområde vil da ikke bli iverksatt før 1.1.2023”, heiter det.

Vestland SV meiner at det er svært viktig for næringslivet i distrikta at ordninga held fram, og ikkje minst at det er ei føreseieleg ordning. Vi vil peike på at det ser ut som regjeringa har overlata handsaminga av dette viktige spørsmålet heilt og fullt til EU-kommisjonen. Det verkar nokså usikkert kva som vil skje dei næraste åra, og det er uklart kva regjeringa meiner med ”nytt virkeområde”. Denne utryggleiken, som regjeringa ikkje ser ut til å ville gjere så mykje med, må stoppast.

¹ https://www.sv.no/wp-content/uploads/2019/11/vedtatt_mer-kraft-til-lokalsamfunn.pdf

² <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/vMG8m/frp-sylvi-vil-spreng-melketaket>

Pendling

Pendling er ikkje noko stort emne i stortingsmeldinga, men det heiter at ”arbeidstakere i distriktene som ønsker å skifte jobb, vil ofte måtte flytte eller pendle til steder med et større arbeidsmarked.” (s. 103). Vestland SV meiner at det er god distriktpolitikk å leggje til rette for at folk kan pendle frå utkantane til meir sentrale strom for å arbeide, men at regjeringa sin politikk har vore svært negativ for pendlarar. I 2019 fekk pendlarane auka skattlegging, og i 2020 skal reglane strammast ytterlegare inn.¹ Vestland SV ønskjer derimot å gje pendlarar auka moglegheiter for frådrag på skatten.

Samferdsle – fylkeskommunal infrastruktur

I meldinga vert det peika på at fylkeskommunane har ansvar for fylkesvegnettet og fylkesvegferjer, og at dette i hovudsak vert finansiert av frie inntekter. Det blir samtidig peika på eigne tilskotsordningar for skredsikring og til fylkesvegar som er særleg viktige for næringstransport (s. 108). Dette er positivt, men den store auken i samferdslebudsjettet dei siste åra (s. 107), speglar seg ikkje att i utbetring og vedlikehald av fylkesvegane. Vestland SV ønskjer ei styrking av tilskotsordningar til skredsikring og strekningar som er særskilt viktige for næringstransport. Det er eit stort behov for utbetring av fylkesvegnettet, og vi vil prioritere denne delen av infrastrukturen framfor dyre fjordkryssingar på E39 og gigantiske vegprosjekt i sentrale strom.

Kollektivtransport

I meldinga heiter det at regjeringa vil leggje til rette for ”tilstrekkelige økonomiske rammer” for kollektivtilbodet i distrikta (s. 110). Dette er ei vag formulering, tilstrekkeleg i forhold til kva. Vestland SV meiner at ”tilstrekkeleg” bør definerast ut i frå følgjande kriterium:

- Pendlarbehovet. Talet på ruter og avgangstider må reknast ut i frå kva pendlarar og dermed næringslivet/ offentlige tenesteytarar treng for å ivareta sine interesser.
- Bærekraftige transportmiddel. Bruk av el-ferjer og i framtida hydrogen-hurtigbåtar bør prioriterast og denne prioriteringa skal syne att i tildelte økonomiske rammer til fylkeskommunane.

Drosjenæringa

Regjeringa ønskjer å liberalisere drosjenæringa, blant anna ved å oppheve talreguleringa med tilhøyrande driveplikt (meldinga s. 111). Vestland SV meiner at ei velfungerande drosjenæring er viktig både i byane og distrikta. Vi meiner at ei den liberaliseringa som regjeringa legg opp til, vil vere ei katastrofe for næringa. Fleire bilar inn i ein avgrensa marknad vil gje mindre inntekter til sjåførane, og utvatning av driveplikta kan vere eit trugsmål mot drosjetilbodet i distrikta. Vestland SV ønskjer ein regulert drosjemarknad. Samtidig vil vi peike på behovet for større samordning med transportbehovet til helsevesenet, slik at ikkje helseføretaka og drosjene driv direkte konkurranse med einannan.

¹ <https://www.abcnyheter.no/penger/privatokonomi/2019/03/27/195564936/mange-pendlere-mister-fradrag-pa-rundt-40-000-kroner-i-ar>

Posten

I meldinga heiter det at ”regjeringa vil sikre et godt og likeverdig posttilbud i hele landet, tilpasset den endrede etterspørselen etter posttjenester” (s. 111). Samtidig vil ein redusere distribusjonen i postbodrutene til annankvar dag frå sommaren 2020. For avisabonnentar i område utan eksisterande avisbodnett vil regjeringa kjøpe avisdistribusjon tre dagar i veka (s. 112).

Vestland SV er samd i at ein må tilpasse posttilbodet til omfanget av brevmengda, men vil samtidig stille spørsmål om kvaliteten på avisdistribusjon som vert utført som anbudsoppdrag av andre firma enn Posten. Vi meiner at Posten, med god lokalkunnskap blant sine tilsette, godt kunne utført denne omdelinga. Vi vil dessutan peike på at frisleppet når det gjeld kven som kan ta hand om pakkepost, ikkje har ført til noko auka kvalitet på desse tenestene, men heller eit større kaos for forbrukarane.

Ladestasjonar

Det heiter i meldinga at ”regjeringa vil legge til rette for rask utbygging av ladeinfrastruktur i hele landet” (s. 112). Det blir mellom anna vist til Enova si konkurransebaserte støtteordning for utbygging av hurtigladarar i utvalde område. Vestland SV meiner at denne ordninga har vist seg å ikkje vere tilstrekkeleg for å byggje ut ladestasjonar i grisgrendte område. Vi ønskjer i staden ei tilskotsordning for utbygging i kommunal regi, på stader der næringslivet ikkje vil eller kan ta på seg utbygging av ladestasjonar.

Politiet

I meldinga blir det vist til at ”med nærpolitireformen gjorde regjeringa helt nødvendige og viktige valg for fremtidens politi” (s. 119). Samtidig er det vist til at innbyggjarundersøkinga viser nedgang i tilliten til politiet i 2018 samanlikna med perioden 2015–2017 (s. 120). Vestland SV vil stille spørsmål ved korleis reforma har verka på politidekninga i distrikta. Har vi fått eit mindre lokalkjent politi, og er det slik at folk ikkje lenger stolar på at politiet vil komme? Slike spørsmål må vi få svar på, det er ikkje tilstrekkeleg å vise til statistikk over responstida.

Lokalisering av statlege arbeidsplassar utanfor Oslo

Dette er omtala i meldinga på s. 122–127. Det er viktig at regjeringa følgjer opp plan for nyetablering og flytting av statlege arbeidsplassar ut av Oslo. Dei aller fleste flyttingar går til større byar rundt om i landet og ikkje til regionsentra i distrikta. Når det er mogleg, bør etablering i mindre sentra bli prioritert da dette kan gi avgjerande ny utvikling av lokalsamfunn. Ein tilleggs effekt av å lokalisere statlege arbeidsplassar i distrikta er at det enkelte stadar vil bidra til meir bruk av nynorsk i staten. Lokalisering av Lotteri- og stiftingstilsynet i Førde er eit godt døme på det.

Kvinneunderskot i distrikta

Dette er eit stort problem som i liten grad vert teke opp i meldinga. Tendensen går mot demografiske endringar i distrikta, med stor auke av eldre folk, færre barn og unge, og færre kvinner. Dette er ei sjølvforsterkande og akselererande utvikling, og vil føre til stadig sterkare sentralisering, dersom det ikkje blir teke sterkare politiske grep for auka næringsutvikling i distrikta, og mot sentralisering av tenester.

Regional samfunnsutvikling

Det er positivt at målet for regjeringa sin regional -og distriktpolitikk er ”regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og bærekraftige regioner i hele landet”.

I denne samanheng vil Vestland SV peike på at likeverd og balanse mellom distrikt og sentrale område no blir svekka på grunn av regjeringa si sentraliserande politikk.

Vestland SV distriktpolitisk utval

Gaute Losnegård (leiar)

Åsmund Berthelsen

Elisabeth Croles

Viviann Midtbø

Geir Madsen

Guro Ljone

Denne motmeldinga er handsama i fylkesstyret til Vestland SV 8. januar 2020 og det er gjort vedtak om å sende ho over til SV si stortingsgruppe.

Hege Lothe

fylkesleiar Vestland SV